

# **Medlemsblad**

For

Haugesund Mållag  
og Ungdomslag

Nr. 2–09. 16. årg.

## Leiaren har ordet.

### Kjære medlemmer i Haugesund Mållag og Ungdomslag.!



Nå nærmar me oss 17. mai og vårhalvåret går mot slutten. Det har vært eit halvår med mange aktivitetar i laget. Nokre dansekurs har blitt avlyste, men dei vil bli sett opp ved seinare anledningar.

Styret, og mange andre av dei tillitsvalde, har vore på Stord for å klekkja ut gode idear om kva me skal satsa på i tida framover. Me hadde bl.a.

Anders Slåttsveen, frå Norske Lagsbruk som foredragshaldar, og han meinte at å kartleggja kva kvar enkelt av oss var gode til, var ein fin måte å finna ut kva krefter me har i laget. Dette var eit forslag me blei einige om å gjennomføre, og vil i næraste framtid senda ut eit skjema med spørsmål om kva kvar enkelt av oss "kan". Ein snakkar ikkje her om spesialistar, men om du er har lyst å vera med å koka kaffi, steika vaffelkaker eller lappar, kan ein del om strikking, syng, likar å lesa for barn, syngja med barn og så vidare.

Styret og nemndene har hatt eit møte, og blitt einige om at kanskje allkulturaktivitetar kan vera noko å satsa på. Her kan me få med barn og foreldre, medlemmer, styre og instruktørane me har. Me tar gjerne imot forslag til aktivitetar.

12. – 16. august får laget besøk frå Shetland. Me treng hjelp for å få arrangementet til å gå knirkefritt, og håpar du kan avsjå nokre timar til dette.

Vil tilslutt nemna at avslutninga på Fredheim blir 18. mai.

Anne Sofie

=====

### Våren

Enno ein Gong fekk eg  
Vetren å sjå  
for Våren å røma;  
Heggen med Tre som der  
Blomar var på,  
eg atter såg bløma.  
Enno ein Gong fekk eg  
Isen å sjå  
frå Landet å fljota,  
Snjoen å bråna og  
Fossen i Å  
at fyssa og brjota.  
Graset det grønne eg  
enno ein Gong  
fekk skoda med Blomar;  
enno eg hørde at Vårfuglen song  
mot Sol og mot Sumar.



Eingong eg sjølv i den  
vårlege Eim,  
som mettar mit Auga,  
eingong eg der vil meg finna  
ein Heim  
og symjande lauga.  
Alt det, som Våren imøte meg  
bar  
og Blomen, eg plukkad',  
Federnes Ånder eg trudde det  
var,  
som dansad og sukkad',  
Derfor eg fann millom  
Bjørkar og Bar  
i Våren ei Gåta;  
derfor det Ljod i den Fløyta eg  
skar,  
meg tyktes at gråta.

Aasmund Olavsson Vinje

Det har vore sesong for årsmøte i det siste, og her kjem nokre referat:

## Referat frå Noregs Mållag sitt landsmøte i Oslo 24. – 26. april 2009

Møtet var på Clarion Hotell, og det var påmeldt 129 utsendingar frå heile landet.

Leiaren Hege Myklebust helsa velkommen etter eit par musikkinnslag.

Byrådsleiar Erling Lae helsa velkommen til Oslo på godt nynorsk.

Etter at innkallinga var godkjend, bar leiaren fram minneord om markerte nynorskfolk som er gått bort.

Målblomen vart så overlevert til Ole Danbolt Mjøs, tidlegare leiar i Nobelkomiteen.

Hege Myklebust heldt så leiartalen. Ho snakka litt om utviklinga til nynorsken opp gjennom åra. Informasjon om nynorsk i skulen har vore ei kampsak for mållaget heilt frå starten i 1906. Undervisning i sidemål vart innført i 1970 åra, men i dag er det press på undervisning og eksamensordning. Det har og vore kamp om parallellklassar, kamp om lærebøker i rett tid på begge målføre. Sidemålsksamnen er i dag eit trekkfag. Men motstanden mot nynorsk er likevel mindre nå i år.

Det vart eit ordskifte etter dette.

Årsmeldinga. Det var ei fyldig årsmelding som vart lagt fram, her skal vi berre ta med nokre punkt:

Språket i barnehagane, det er stort sett berre bokmål som nyttast i barnehagane, sjølv om barnehagane skal vera skal ha ei viktig rolle for den fyrste lese – og skriveopplæringa. NM både sentralt og lokalt har teke dette opp med dei rette organ

Elles er språket i grunnskulen alltid framme i den politiske debatten. Men styresmaktene har lagt fram 2 sentrale dokument: *Mål og Mening* og *Språk bygger broer*, og desse er blitt godt motteke av NM. Elles er det som nemnd strid om sidemålsundervisninga og eksamen, med mange forsøk, men frå 2009 er det igjen stort sett som det har vore. Elles er det focus på skulemålavrøystingar, parallellklassar og språket i ungdomsskulen/vidaregåande skulen., Mange elevar byter over til bokmål. Eit prosjekt i Valdres har sett søkjelys på dette. Elles har ein sett på lærarutdanninga, der ein vil ha meir undervisning i nynorsk for dei som skal undervise i sidemålet. Elles kan ein nemna norsk for innvandrarakar, nynorsk i media, - både aviser og etermedia, utdanning av lærarakar – i framlegget frå departementet er norskfaget utelete for det eldste steget. Offentleg språkbruk, samt internasjonalt arbeid.

Ei sak som vart handsama grundig, var posten Mål og mening og veggen vidare, der statssekretær Wegard Harsvik innleidde. Denne meldinga er starten på noko nytt, og det er løyvd 10 mill. til dette arbeidet. Ein legg opp til å utvida bruksområde for nynorsken, og få i stand effektive rapporteringsrutinar. Ordsiftet etterpå kom det fram at mange var nøgde med meldinga.

Laurdagen opna med eit politikarpanel der 3 politikarakar frå SP, FRP og KRf var med.

FRP var stort sett imot nynorsk og vil fjerna skriftleg sidemål, SP står nynorsken nær, og KRf vil stå opp for nynorsken. Ordsiftet etterpå peika på at det er viktig å styrkja lærarutdanninga på nynorsk, og ein etterlyste sanksjonar for dei som bryt mållova.

Rekneskapen vart godkjend utan merknad eller kommentarakar. NM har ein sunn og god økonomi,

Etter dette vart det ein større bolke om språk og kulturformidling i barnehagen.

Budsjettet vart vedteke utan merknader. Årspengane blir auka med kr 10,- frå 2011, dette vart vedteke mot 10 røyster. Årspengane i 2010 blir som i inneverande år. Som vanleg vart det vedteke fleire fråsegner.

Elles kan vi nemna at landsmøtemiddagen laurdags kvelden var på Det Norske Teatret. Det vart ein stilig kveld med underhaldning av skodespelarakar i teatret, god mat og god musikk

Val. Hege Myklebust sa nei til attval etter 3 år som leiar.

Leiv H. Øvregård vart vald til leiar. Håvard Øvregård er frå Volda og er 34 år. Håvard har brei organisasjonsrøynsle mellom anna frå Høgre,



Frå benken til KM



Norges Gymnasiastsamband, Norsk Målungdom, Landsrådet for Norske Barne- og Ungdomsorganisasjonar og den europeiske ungdomsparaplyorganisasjonen "European Youth Forum". Håvard har det siste året vore nestleiar i Noregs Mållag.

**Aud Søyland** vart vald til nestleiar. Val av resten av styret gjekk greitt slik valnemnda hadde framlegg om. Det kom ingen motframlegg frå salen.

Det vart som vanleg mange som kom med helsingar til landsmøtet, På eit kveldsarrangement fekk kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa **Målprisen 2009** for sitt arbeid for nynorsken på Stortinget,

kanskje særleg som pådrivar med språkmeldinga

**Litteraturprisar:** Nynorsk litteraturpris 2008 gjekk til Gunnhild

Øyehaug for *Vente, blinke*, og Sissel Horndal fekk Nynorsk

barnelitteraturpris 2008 for biletboka *Himmelspringaren*. Begge fekk kvar sin sjekk på kr 30 000.



*Målprisen til Magnhild Meltveit Kleppa*

## Årsmøte i Rogaland Ungdomslag

Årsmøtet vart halde på Siddisstova, lagshuset til BUL Stavanger laurdag 14/03-08 frå kl 1200. Leiaren, Audun Emil Fatland, ynskte velkommen og opningssongen var visa om "Ola Tveiten" Leiaren sa seg glad for at 18 hadde takka ja til å vera med på årsmøtet i år. Det er representantar frå 5 lag som møtte fram. Det hadde vore ynskjeleg at vi kunne ynskja velkommen representantar frå alle laga i RU, men det var ikkje alle som kunne møte av ymse årsaker. Audun Emil håpa på eit interessant årsmøte. Dermed gjekk ein over til saklista.

Innkallinga og sakslista vart godkjent. Audun Emil las så opp ei fyldig årsmelding Etter nokre merknader vart heile årsmeldinga godkjend. Rekneskapen vart og godkjend med eit bra overskot.

Arbeidsprogrammet for 2009 vart gjennomgått, og etter eit ordskifte vart det vedteke.

Vidare vart det vedteke å oppretta ein stønadsordning for laga i RU

Alle får høve til å søkja om disse midlane ,og etter eit ordskifte slutta årsmøtet seg til dette Revidert budsjett for 2009 og budsjett for 2010 vart og vedteke.

Bente Kleppe orienterte om valnemnda sitt arbeid. Det har ikkje vore mogleg å finna kandidatar til å vera med i RU sitt styre, men etter lett påtrykk frå valnemnda tok alle attval. Dermed får vi same styre som i 2008. BUL og Skjold blir med i valnemnda i 2009. Audun Emil takka for tilliten for eit nytt år.

Audun Emil bar og fram ei varm takk til BUL som har arrangert årsmøtet, og for framifrå servering og overrekte blomar som ei synleg takk.

Kjell Tveit fekk og blomar for arbeidet i styret.

## Referat frå Karmsund Mållag sitt årsmøte 29/03-09 i Tysværtunet

Leiaren,. Steinar Aalvik ynskte velkommen til årsmøte. Der var utsendingar frå HMU, Sveio Mållag, Bokn Mållag, Etne Mållag, Vindafjord Mållag og Skånevik Mållag. Vidare kunne han ynskja velkommen til Marny Skeie Henkel frå Løland-markeringa

Oddvar Skre, skulemålsvarleg i Hordaland Mållag og Magnus Bernhardsen frå Noregs Mållag. Etter at årsmøtet hadde konstituert seg, med leiaren Steinar Aalvik som møteleiar, gjekk ein gjennom årsmeldinga:

Det har vore 3 styremøte i 2008. Laget hadde utsendingar til NM sitt årsmøte i Stavanger. Det har og vore skipa til ein turne forfattarar i Etne og Vindafjord kommunar. Denne turneen vart tilrettelagd av Oddvar Skre, og finansiert av KM, saman med Etne Mållag og mållaga i Vindafjord, samt Etne kommune.

Målpris vart gitt til Haugesunds Avis og overlevert ved ei enkel seremoni i avishuset.

Leiaren har gjesta årsmøta til dei fleste lokallaga, og medlemstalet syner ein liten auke.

Rekneskap og budsjett gjekk lett gjennom utan kommentarar. Det er eit underskot på rekneskapen grunna utgiftene til forfatarbesøket.

Nå fekk Marny Skeie Henkel ordet og ho orienterte om Rasmus Løland-markeringa og Kvitebjørn-prosjektet. Det er eit prosjekt som er primært retta til elevar med nynorsk som hovudmål, men kan også nyttast av bokmåselevar. Prosjektet er fullfinansiert så det er ikkje utgifter for skulane. Alle grunnskulane i landet har fått tilbod om prosjektet. Nærare opplysningar får ein på <http://kvitebjornen.com>.

Oddvar Skre frå Hordaland Mållag orienterte om planar for hausten 2009, m. a om eit prosjekt om språkleg medvit i skulen, arbeid med å få i stand ein ungdomsskrivar, temadagar. Dette er eit samarbeid med NMU og NM.

Valet gjekk og greitt, alle i styret tok attval med unnatak av 3. vara. Der kom Solgun Liestøl frå HMU inn. Det kom og eit nytt medlem inn i valnemnda.

Til sist fekk gjestene blommar før ein fekk mat. Under måltidet vart det ein diskusjon om nynorsk og innvandrarak.

## LITT MATPRAT:

Lettvindt og god fiskeform:  
(2-3 pers.)

Ca. 600-700 gr. beinfri  
fiskefile av kvit fisk  
1 boks ratatouille  
grønnsaker  
Salt, pepper og evt. urter

Smør ei eldfast form, del  
fisken i passe stykke og legg  
i forma. Fordel grønnsak-  
ratatouille over fisken. Salt, (sitron)pepper,  
evt. urter etter smak. Ha lok/folie over  
forma som skal inn i varm steikeovn ca.  
125-150 grader i 1 t. (eller til fisken er  
gjennomkokt.).

Når retten er ferdig til servering – legg  
nokre klattar med rømme på toppen.  
Godt med potetstappe og kvitløksbrød til.

Retten er lett å variera/utvida. Eksempel:  
Tynt oppskårne rot-grønnsaker i botnen på  
forma og/eller scampi på toppen.



Dessert:

Krumkaker m/krem eller is.  
1 egg  
½ sukker  
½ kopp smelta smør  
½ kopp kveitemjøl  
½ kopp melk  
¾ kopp potetemjøl

Pisk egg og sukker til luftig  
eggedosis, og ha i sm.smør, melk og mjølet.  
Ca. 20-25 kaker.

Glutenfrie krumkaker

2 egg  
1 ½ dl. sukker  
1 ½ dl. sm.smør  
1 dl. potetmjøl  
1 dl. (litt meir) maisenastivelse  
Ca. 20-25 kaker. Husk at her må jernet  
smørjast!

Gløym ikkje kaffikoppen!

## Frå dansenemnda

Den 14.4. hadde dansenemnda møte og planla m. a oppvisning 17. mai.

Det er 6 par som har meldt seg til å delta. Jostein Sørtveit skal spela til dansen.

Dersom det er nokre som kan, er det enda høve til å vera med på oppvisninga.

På dette møtet vart også haustprogrammet frå dansenemnda planlagt. Vi vil tilby både kurs og dans, samt haustfest. Datoar vil koma i kalenderen vi sender ut. Vi håpar at dette vil vera attraktivt for medlemene og andre slik at vi får god oppslutning om det vi kan tilby.

Det er nå snart ferie, og i vår har det vore bra oppslutning på leikøvingane. Når det gjeld kurs, så har ikkje interessa vore så stor, Vi måtte m. a avlyse eit kurs i pols og bygdedans p.g.a. for få påmeldte. Vi håpar tilboda til hausten blir smekkkfulle av danselystne medlemmer.

Avslutning på Fredheim blir den 18.05., og i år blir det dansenemnda med hjelp frå Hus- og hyttenemnda som har arrangementet. Vi håpar på fint vær og at mange medlemmer finn vegen inn. Dansenemnda vil ynskja alle ein riktig god sommar.

Helsing Johanne, Edith og John

## Frå Bunad og husflidnemnda

Bunad og husflidnemnda har denne våren arbeidd med å retta opp prøvelappane til herrrebunadbuksa. Det viser seg at vi har brukt feil trå på feil plass då vi laga dei. Kursdeltakarane våre har påpeika dette, så nå er vi godt i gang med å få orden på dette.

Litt om planane for hausten. Vi ser for oss å arrangera kurs i sølvarbeid.. Eit armband vil vi prøva oss på. Vi håpar at dette vil vera interessant, og at mange vil vera med. Vi kjem tilbake nærare med tidspunkt.

Vi ynskjer ein fin sommar ril alle frå Bunad og husflidnemnda.

Ellen Oline

## Etter stordseminaret 2009

Den 23.april-09 hadde leiaren innkalla til ei oppsummering og meiningsutveksling etter Stord-seminaret.

Dei som er interesserte i fullstendig referat kan få det hos Kjell eller på heimesidene til HMU: <http://kvalatun.no> under fana peikarar. Her vil vi berre ta med litt av det dei 13 framømte samla seg om.

Det vil bli sendt ut skriv m/spørjeskjema i håp om å få ein oversikt over kva ressursar vi har innan laget. Tanken er å bruka dette som grunnlag for nye aktivitetar. Rett og slett kva den enkelte kan tenkja seg å bidra med. Slik som kaffikoking, vaffelsteiking, strikking, høgtlesing osv. Det vil nok bli ein liten premie til dei som svarar.

Tanken er å laga ein plan for aktivitetar med kostnadsrammer. Mellom anna tilbod om allkulturaktivitet – med innvandrarar, opplæring i brurevals til brurepar/gjester, familiedans (te-dans), andre former for fritid/ hobby-aktivitetar.

Laget vil og sjå nærare på eit evt. samarbeid med andre lag/organisasjonar – (teater, musikk, museet.)

Turid

## Søndagstur til Klepp 10/05-09



9 frå nordfylket var med til Klepp

Sjølv om responsen var heller liten då målnemnda inviterte til kulturvandring på Klepp, vart opplevinga stor for oss ni som tok turen sørover! Bilturen i solskin langs mektige jærstrender og eit fargerikt landskap - før vi stoppa ved Klepp kyrkje – var mest verd turen åleine!

Det vart tid til ein kaffitår med litt attåt, før Nils Olav Østrem ynskte dei godt og vel 50 framømte velkommen til kulturvandring. Vi starta ved det flotte og særprega minnesmerket til minne om Åse-Marie Nesse, ”nynorskdrøninga” blant dei kvinnelege forfattarane her i landet. Ho ville ha fylt 75 år i år – og vi fekk fyldig orientering om bakgrunnen hennar. Ein stopp ved Klepp kyrkje, før vandringa gjekk til statua av Theodor Dahl, og deretter til Kleppheimen der Torvald Tu har fått sitt minnesmerke. Interessant historikk om begge desse forfattarane. Diktarlivet til Tu har elles blitt samanlikna med Alf Prøysen. Humoristiske stubbar og vers var hans varemerke. Dei

to hadde og god kontakt.

Krigsminnesmerket ”Knicke bein” vart også eit interessant stopp. Derifrå var det også eit storslått utsyn over havet.

Ikkje fritt for at kaffi og kaker smaka godt i solskinnet ute på det vakre tunet til Klepp Bygdemuseum som var siste stopp. Dei aller fleste tok seg og tid til å sjå innom museumsbygningane før vi for vår del starta på turen nordover igjen. Ingen ”usmak” på sundagsmiddagen etter slike opplevingar! Honnør til Torunn som var framifrå sjåfør!

Turid

## Litterær salong

Dei litterære salongane oppstod i Frankrike under renessansen og blomstra under opplysningstida på 1700-talet, då ofte med kvinner som vertinner. Salongane blei haldne i private heimar, og nettopp fordi dei var delvis lukka, var det mogeleg for kvinnene å vera med. Slik fekk kvinner på den tida tilgang til eit slags alternativt akademi der dei utvikla konversasjonskunst og lærte seg å bli eit danna publikum. Høgtlesing frå dagbøker og brev gjorde at salongane og verka som lesesirkular.

I vår tid er kvinnene det dominerande kulturpublikummet. Dei har rett og slett kuppet dei litterære salongane. Rundt om i dette landet finst det hundrevis av litteraturforeiningar og lesesirkular, dei fleste dominerte av kvinner.

Alt dette i følgje Brit Bildøen. Ho var sjølv ein av gjestene i Siri Kvamme sin litterære salong i Festiviteten 26.mars i år, saman med Agnes Ravatn . Siri Kvamme leia samtalen rundt dei andre to sine forfattarskap. Forfattarane sjølve presenterte smakebitar frå bøkene sine ved høgtlesing. Og publikum, jau, det var for det meste godt vaksne kvinner.

Siste boka til Brit Bildøen har nettopp fått tittelen ”Litterær salong”. Det er ei essaysamling der ho inviterer lesaren til å bli betre kjend med ti kvinnelege forfattarar, som ho har tildelt kvar sin litterære dyd. Bildøen er oppteken av at sjølv om norske kvinner brukar dobbelt så mykje tid på å lesa bøker som menn gjer, er berre ein tredel av norske skjønnlitterære forfattarar kvinner. Når aviser og tidsskrift ber forfattarar laga ei liste over yndlingsbøkene sine listar dei aller fleste opp berre bøker skrivne av menn. Dette både fascinerer og skremmer Brit Bildøen. I salongen i Festiviteten let ho publikum få eit nærare tilhøve til Gertrude Stein, som ho kallar salongløve nr 1. Tidleg på 1900-talet inviterte ho mennene inn i salongen til seg, medan kvinnene vart viste til kjøkkenet for å diskutera matoppskrifter med livspartnaren Alice B. Toklas. Intensjonen til Bildøen har vore å løfta fram desse forfattarskapane og visa at dei er ein del av den store, mangfaldige litterære tradisjonen vi alle burde kjenna til.

I tillegg til Gertrude Stein har Carol Shields, Jean Rhys, Halldis Moren Vesaas, Joan Lindsay, Mercè Rodoreda, Adrienne Rich, Amalie Skram, Doris Lessing og Elfriede Jelinek fått kvar sitt kapittel i boka.

Unge Agnes Ravatn (-83) frå Ølen trudde ikkje litteraturen ville tena på ein oppvekstroman frå hennar miljø, og let den middelaldrande Georg Ulveseth spela hovudrolla i debutromanen sin, ”Veke 53”. Modig gjort av ei jente på 22. Det er alt nokre år sidan. Boka fekk gode kritikkar. Agnes, som er journalist i Dag og Tid har alt ei ny bok klar, ”Stillstand” som kjem ut no i mai. For underteikna var det litt uklart kva ho ville formidla i den litterære salongen. Ho veksla mellom humor og ironi, noko som ikkje alltid er like lett å forstå om ein ikkje kjenner sjargongen. Det ho uttrykkjer skriftleg er likevel klart nok. I bokkrinsar ventar ein seg mykje av denne unge, intellektuelle kvinna.

Litterær salong hadde ei uhøgtidleg form som gjorde at publikum kjende seg vel. Scenen i Festiviteten var gjort om til kafé der gjestene fekk sjokoladecake og høve til å kjøpa seg kaffi og vin.

Dersom du lurar på kva bok du skal lesa denne sommaren har du no fått to gode tips  
Torunn Alnes

### Besøk frå Shetland.

Som vi nemnde i førre HMUaren, så har det arbeidd i det siste med å få til eit besøk frå danse- og musikkvenner frå Shetland. HMU tilbød dei om å koma til Haugesund i 2008, men det viste seg at det kunne ikkje passa for dei.

Nå har vi fått stadfesta at dei vil gjerne koma i august, og besøket er sett til 13. – 16. august, Nå er programmet i store trekk i boks. Dei kjem til Haugesund med Kystbussen frå Bergen 12/09, og det er om lag 20 som kjem, av desse er det 5 musikarar. Dei skal vera med i opptoget laurdagen på Sildajazzen, og skal truleg også ha ei oppvisning på Kaien.

Det er og planlagt tur til Karmøy, samt omvisning på Rådhuset. Dei skal bu privat, og vi håpar at medlemene vil støtta opp om besøket

Når alt er klart vil vi leggja programmet på HM;U sine nettsider, [kvalatun.no](http://kvalatun.no)

Styret.

**A -post**

---

**Vi minner om:**

**Grasrotsandelen**

**Alle som spelar i NORSK TIPPING kan registrera laget. Då vil ein gi 5 % av speleinnsatsen til laget du støttar. Meld på Haugesund Mållag og Ungdomslag for å gi di støtte.**

**Oppgi organisasjonsnr: 871 341 982**

=====

**Annonse.**

**KROTEKAKEKURS.**

**Til hausten kan du bli med på krotekake kurs med Janne.**

**Stad: Kvalatun.**

**Tid: Nærare info om dato og klokkeslett kjem vi tilbake til, men nokre timar ein ettermiddag må ein rekna med.**

**Det vil bli ein rimeleg eigenandel.**

**Berre få deltakarar.**

**Ta kontakt allereie nå på telefon 901 41 246 eller e-post til:**

**[kjelltv@online.no](mailto:kjelltv@online.no)**

**HMU-aren er eit medlemsblad for Haugesund Mållag og Ungdomslag. Bladet kjem ut med 3-4 nr. i året, og blir sendt til alle medlemene i HMU, samt til lokallaga i RU og KM i nord-fylket. Det blir og sendt til NU og NM, samt til BUL-laga i Stavanger, Bergen og Trondheim. Ansvarlege for produksjon og utsending av dette nr er Medlemer av Målnemnda og Kjell Tveit**